

Suldal kommune - Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Resultat
Levekårsutvalet	26.04.2005	017/05	Samr. i samråd med innst. med mindre endringar
Kommunestyret	25.05.2005	044/05	Samrøystes som innstillinga

Sakshandsamar	Referanse	Arkivnummer
Karl Gudvin Ohm	9900259	K1-031

SULDALSSTANDARD SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)

Forslag til vedtak:

Kva er SFO?

SFO er eit friviljug opphalds- og aktivitetstilbod på skulen før og etter skuletid for barn i 1. - 4. klasse og funksjonshemma barn frå 1. - 7. klasse. Rektor er øvste administrative og pedagogiske leiar. I tillegg kjem tilsette fordelt etter barnetalet. Til vanleg vart det gitt SFO - tilbod ved kvar skule. Dersom det er 3 eller færre søkjarar til SFO ved ein skule, vil ein vurderer om tilbodet kan gis i næraste barnehage. Rådmannen avgjer i kvar einskild tilfelle i samråd med avdelingsstyraren i barnehagen.

Målsetjing:

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Barna skal kjenna seg trygge og få positive opplevingar saman med kvarandre og dei vaksne i miljøet, få lov til å visa kjenslene sine og skapa vennskap.

Aktivitetar:

Hovudaktiviteten i SFO er leik. Barna får velja fritt kva dei vil leika og arbeida med innanfor dei grensene som er sette. Dei vaksne snakkar med barna, lyttar og trøystar.

Aktuelle aktivitetar kan vera:

- leik i gymnastikksalen (når det er ledig)
- matlaging
- lekselesing
- turar i nærmiljøet
- gå på eller få besøk
- verkstad
- fri leik

Når elevane har fri frå skulen, er det god plass for SFO både ute og inne til ulike aktivitetar.

Normalopningstid: kl 7.30-16.30

SFO har ope før og etter skuletid og på faste felles fridagar for barnetrinnet. På grunn av felles opplegg på barneskulefridagane skal barna møta fram seinast klokka 10.00 denne dagen. Opningstidene kan variera frå skule til skule etter kva behov foreldra har for tilsyn. SFO er stengt i juli og på skulen sine planleggingsdagar.

Her finn du SFO:

- Erfjord, 52790260.

- Jelsa, 52790350.

- Marvik, 52795670.

- Nesflaten, 52794743.

- Sand, 52792980 .

- Vanvik, 52794213.

- Vinjar, 52790440.

Bemanning:

Omfanget av vanleg grunnbemanning i SFO er avhengig av opningstid og talet på barn i ordninga.

Til vanleg drift vert det avsett følgjande stillingsomfang i høve til barnetal:

t. o. m. 10 barn 1 stilling.

11 □ 25 barn 2 stillingar

26 - barn 3 stillingar

I tillegg til dette kjem eventuelt tilsette som etter enkeltvedtak er knytte opp mot elevar med særskilde behov. Desse elevane skal då ikkje telja med med omsyn til dei retningsgjevande elevtal som er nemnd ovanfor.

Alle tilsette må leggje fram politiattest i samsvar med opplæringslova § 10-9.

Rom:

SFO har fast base på skulane, og nyttar til vanleg dei same areala ute og inne som 1. □ 4. klasse.

Niste:

Barna skal ha med seg mat og drikke til SFO.

Betaling:

Kommunestyret fastset betalingssatsane for kvart år som del av det årlege budsjettvedtaket.

Søknad om plass:

Det skal nyttast eige søknadsskjema. Søknadsskjema får ein på den aktuelle skulen eller www.suldal.net . Søknadsskjema skal sendast til eleven sin skule innan 1. mars.

OPPTAK:

Rektor gjer administrativt vedtak om plass i SFO. Klage på vedtak skal sendast skulen. Viss rektor ikkje imøtekjem klagen vert han sendt levekårsutvalet og handsama der. Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klaga 3 veker frå det tidspunktet søkjaren mottek vedtaket.

Ekstraopphald:

Barn som til vanleg ikkje er i SFO, kan få ekstra plass for kortare tidsrom etter avtale med leiaren for SFO. Søknad om dette må koma minst to dagar før det aktuelle tidsrommet. Betaling etter gjeldande timesatsar.

Sjukdom/fråver:

Foreldra skal gi melding dersom barnet ikkje kjem til SFO som avtala anten det er sjukdom eller andre grunnar.

Oppseiing:

Fristen for oppseiing er ein måned (oppseiingsmånaden + etterfølgjande måned). Oppseiinga skal vera skriftleg.

25.05.05 KOMMUNESTYRET

K-044/05 VEDTAK:

Samrøystes vedtak: I samsvar med innstillinga.

4230 Sand, 18.04.05

Tone Mari Sand
leiar i leveårsutvalet